



Sak nr D-	Vår dato: 02.02.2016	Vår referanse: 2011/1630-5032525/2016
Vår saksbehandlar: Elisabeth Gjerde	Direkte telefonnr.: 53423154	Dykkar dato: «REFDATO»

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

MELDING OM VEDTAK I UTVAL FOR AREAL OG SAMFERDSEL - OPPRETTING AV TEKNISKE FEIL I KOMMUNEPLAN

Viser til tidlegare mottatt merknad vedk. arealstatus i kommuneplan for din eigedom.

Bømlo kommunestyre vedtok kommuneplanen for Bømlo 2013-2025 i sak 13/13 den 18.03.2013. Akvator AS vart leigd til å produsere plankartet. Ved revisjon av kommuneplan i 2013 vart det gjort endringar på diverse eigedomar utan at det låg føre innspel frå grunneigar og utan at dei vart særskilt varsle om dette.

Utvalet gjorde difor i møte den 31.08.2011 følgjande vedtak om område som skal bevare status:
Ingen område som i neverande plan som er definert som rorbu skal endrast til naust eller LNF utan at grunneigar har søkt om endring.

Ingen område som i neverande plan som er definert som fritid skal endrast til LNF utan at grunneigar har søkt om endring.

Ingen område som i neverande plan som er definert som naust skal endrast til LNF utan at grunneigar har søkt om endring.

Ingen område som i neverande plan som er definert som bustadområde skal endrast til LNF utan at grunneigar har søkt om endring.

Dette vedtaket medførte mange administrative rettingar i plankartet. Dessverre har ein ikkje greidd å få med seg alle eigedomane som vart råka av dette og vi føretar difor framleis slike tekniske rettingar.

Utval for areal og samferdsel har i møte den 27.01.16 fått framlagt ei ny liste over eigedomar dette gjeld. Deriblant din eigedom. Administrasjonen vil no rette opp plankartet i samsvar med saksframleggget og utvalet sitt vedtak.

Vedlagt følgjer saksutgreiing og protokoll til orientering.

Med helsing
Bømlo kommune

Elisabeth Gjerde
Avd. ingeniør



Saksutgreiing til folkevalde organ

Dato: 14.12.2015
Arkivref: 2011/1630-29254/2015 / 503

Saksbehandlar: Elisabeth Gjerde
53423154
elisabeth.gjerde@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
27/16	Utval for areal og samferdsel	27.01.2016

OPPRETTING AV TEKNISKE FEIL I KOMMUNEPLAN 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Utval for areal og samferdsel har ingen merknad til at 6 tekniske feil, jamfør saksframlegg, i kommuneplankartet av 18.03.2013 vert retta opp.
2. I tillegg til område som Utval for areal og samferdsel gjorde vedtak om den 31.08.11, får administrasjonen fullmakt til å foreta retting av alle tekniske feil etter kvart som desse vert oppdaga. Dvs. arealendringar som openbart har oppstått grunna kartteknisk feil i overføring mellom kommuneplan av 2005-2012 og ny kommuneplan for 2013-2025. Rettingane kan utførast utan ny rapportering til Utval for areal og samferdsel.

Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 27.01.2016

Nytt fellesframlegg frå utvalet lagt fram av Karsten Fylkesnes (KrF):

Endring av siste setning i pkt. 2 i framlegget frå rådmannen:
Rettingar av karttekniske feil skal rapporterast til utvalet.

Framlegget frå rådmannen vart samråystes vedteke med endring i siste setning i pkt. 2 i framlegget.

Vedtak:

Utval for areal og samferdsel gjorde samråystes slikt **vedtak**:

3. Utval for areal og samferdsel har ingen merknad til at 6 tekniske feil, jamfør saksframlegg, i kommuneplankartet av 18.03.2013 vert retta opp.
4. I tillegg til område som Utval for areal og samferdsel gjorde vedtak om den 31.08.11, får administrasjonen fullmakt til å foreta retting av alle tekniske feil etter kvart som desse vert oppdaga. Dvs. arealendringar som openbart har oppstått grunna kartteknisk feil i overføring mellom kommuneplan av 2005-2012 og ny kommuneplan for 2013-2025. Rettingar av karttekniske feil skal rapporterast til utvalet.

Dokument i saka:

1. Vedtak i kommunestyret 18.03.2013, sak 13/13
2. Utsendt brev til alle som hadde innspel og merknader til kommuneplan datert 12.04.2013.
3. Brev fra Åge Hanøy, mottatt 07.12.15.

Bakgrunn for saka:

Bømlo kommunestyre vedtok kommuneplanen for Bømlo 2013-2025 i sak 13/13 den 18.03.2013. Akvator AS vart leigd til å produsere plankartet.

Ved revisjon av kommuneplan i 2013 vart det gjort endringar på diverse eigedomar utan at det låg føre innspel frå grunneigar og utan at dei vart særskilt varsla om dette.

Utalet gjorde difor i møte den 31.08.2011 følgjande vedtak om område som skal bevare status:
Ingen område som i neverande plan som er definert som rorbu skal endrast til naust eller LNF utan at grunneigar har søkt om endring.

Ingen område som i neverande plan som er definert som fritid skal endrast til LNF utan at grunneigar har søkt om endring.

Ingen område som i neverande plan som er definert som naust skal endrast til LNF utan at grunneigar har søkt om endring.

Ingen område som i neverande plan som er definert som bustadområde skal endrast til LNF utan at grunneigar har søkt om endring.

Dette vedtaket medførte administrative rettingar i plankartet.

Det har no gått ei tid sidan ny kommuneplan vart gjort gjeldande. I samband med sakshandsaming fann ein tidlegare nokre produksjonstekniske feil i plankartet. Dette gjaldt feil i høve til tilbakeføringar som vist til ovanføre, men også direkte utegløymingar av arealføremål frå gammal plan til ny plan eller andre karttekniske feil. Me var då i kontakt med Fylkesmannen i Hordaland om korleis ein kan retta tekniske feil som vert oppdagat i kartet. Rådet me fekk er at kommunen sjølv kan retta opp produksjons-tekniske feil og at planutvalet bør orienterast om arbeidet. Desse feila vart difor lagt fram for utval for areal og samferdsel den 22.01.2014, sak PS 13/14. Utval for areal og samferdsel hadde ingen merknad til at 12 tekniske feil i kommuneplankartet av 18.03.2013 vart retta opp.

I ettertid av dette har vi registrert fleire feil som bør rettast opp og vi bed Utval for areal og samferdsel vurdere dette.

Tekniske feil som bør rettast er:

- Tilbakeføring av LNFR-område til bustad på frådelt bustadtomt gnr.35 bnr.100, Mads og Rosmari Blåsternes.
- Tilbakeføring av grøntstruktur til bustad på frådelt bustadtomt gnr.110 bnr.219, Karsten og Wenche Alvsvåg.
- Tilbakeføring av LNF(R)-for spreidd bustadbygging til naustområde for nausttomt gnr.131 bnr.72, Åge Hanøy.

- Tilbakeføring av LNF(R)-område til LNF-kan område for spreidd bustadbygging gnr.45 bnr.1, 14, bnr.16 m.fl, Vika, Jorunn Skippervik m.fl
- Tilbakeføring av LNF(R)-område til fritidsføremål på gnr.132 bnr.1, 3, 4, 5, 7, Geitung, Karl B. Simonsen m.fl.
- Tilbakeføring av LNF-område til føremålet skytebane på gnr.76 bnr.30, Rolfsnes, Bremnes pistolkubb.

Vurderingar:

Ein bør rette opp direkte feil i plankartet. Dette av omsyn til eigarane av dei ulike eigedomane. Eventuelle framtidige tiltak kan verte vanskeleg og kostbare å få realisert dersom byggjetomt, som skulle vere avsett til byggjeføremål, vert liggjande som LNF-område.

Når det gjeld eigedomen gnr.110 bnr.219 så er deler av denne eigedomen endra til grøntstruktur og ikkje til LNF-område. Spørsmålet er difor om Utvalet i 2011 også har meint at denne type endring skulle tilbakeførast. Rådmannen meiner at det må vere dette som var intensjonen med utvalsvedtaket den gong. Dette fordi arealføremålet «grøntstruktur» ikkje vart nytta i førre kommuneplan. Den gong vart føremålet LNF brukt om alle slike «grøne» område.

Når det gjeld skytebanen på gnr.76 bnr.30, så er dette arealføremålet falle ut av plankartet og eigedomen ligg som LNF-område. Ein kan ikkje sjå at det er ei bevisst handling bak dette. Det ligg ikkje føre innspel til eigedomen eller merknader frå offentlege høyringsinstansar. Rådmannen sin konklusjon er difor at dette må vere ein teknisk feil som bør rettast opp.

For å unngå tidheft og ressursbruk vil Rådmannen føreslå at utvalet gjev administrasjonen fullmakt til å rette slike direkte feil og utegløymingar i plankartet. Dette gjeld feil som kan knytas direkte til utvalsvedtak av 31.08.11, samt liknande saker som ovannemnde. Dette gjeld særskilt tidlegare LNF-kan område for spreidd bustadbygging som er falt ut/omgjort til LNF.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen, men feil i plankartet medfører t.d. at eigarane må søkja om dispensasjon ved byggjesøknad, jamfør pbl §19-2.

Miljømessige konsekvensar:

Ingen

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Ingen

Folkehelse:

Ingen

Oppsummering og konklusjon:


Rådmannen vil rá til at administrasjonen får fullmakt til å rette opp dei nemnde tekniske feila i plankartet. I tillegg bør ein få fullmakt til å gjere andre rettingar som ein oppdagar.

32371

34887

32557

X 663



34614

Y 29


Y 29

32357

34875

32543

X 663



34602

Y 29


X 663

Y 29

31523

34669

X 663



RETTING AV FEIL I KOMMUNEPLANKART

GNR.110 BNR.219

GAMAL KOMMUNEPLAN

06.01.2016

Målestokk 1:500

UTVAL FOR AREAL OG SAMFERDSEL 27.01.16



X 663


28

31387

28

34669

31530



33032

28024

33125

X 662



RETTING AV FEIL I KOMMUNEPLANKART

GNR.131 BNR.72

GAMAL KOMMUNEPLAN

06.01.2016

Målestokk 1:500

UTVAL FOR AREAL OG SAMFERDSEL 27.01.16


27888

<

28:

X 662

Y 662




RETTING AV FEIL I KOMMUNEPLANKART
GNR. 131 BNR. 72
KOMMUNEPLAN 2013
08.02.2016
Målestokk 1:500
UTVAL FOR AREAL OG SAMFERDSEL

34744

16287

35116

X 661



RETTING AV FEIL I KOMMUNEPLANKART

GNR.45 BNR.1, 14, 16 MFL

GAMMAL KOMMUNEPLAN

07.01.2016

Målestokk 1:2000

UTVAL FOR AREAL OG SAMFERDSEL 27.01.16




X 661

15741

Y 28.

Y 28.




31906

23722

32278

X 662



23176

Y 28

X 662


Y 28

31912

23651

32284

X 662



23105

Y 28

X 662


Y 28

36178

12251

36550

X 664



RETTING AV FEIL I KOMMUNEPLANKART
GNR.76 BNR.30 rROLFSNES
GAMMAL KOMMUNEPLAN
07.01.2016
Målestokk 1:2000
UTVAL FOR AREAL OG SAMFERDSEL 27.01.16

X 664

1705

Y 284


Y 284

36152

12242

36523

X 664



11696

Y 281

Y 281